

Nynorsksenteret, 25.08.2026

Nynorsksenteret takkar for høvet til å koma med innspel til korleis ein kan styrkja leseferdigheitene og stimulera til leselyst og leseglede blant barn og unge.

I Noreg skal barn og unge læra både nynorsk og bokmål. Difor er det viktig å sikra eit breitt utval litteratur på begge språka. Styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk er ikkje jamt, og difor treng dei som skal læra nynorsk, at staten tek nokre ekstra språklege grep.

Lesesatsing i barnehage og skule

Barn tileignar seg kunnskap om grammatiske strukturar og vokabular allereie i barnehagen. Den visuelle sida av skrifta i bildebøker kan gjera barn nysgjerrige på kva skrift er og kan brukast til. Rammeplanen for barnehagen er tydeleg på at barnehagen skal leggja til rette for at alle barn får god språkstimulering, også skriftsspråkstimulering. Nynorske bøker er ein del av vår felles kultur i Noreg. Difor treng barnehagen eit variert utval av bøker på nynorsk. For barn som skal byrja på skular der nynorsk er opplæringsmål, bør dei ha med seg nynorsk språkesponering i sekken første skuledag. Det inneber at barnehagar i nynorskområde må ha ei overvekt av nynorske barnebøker.

Det skal vera samanheng mellom den pedagogiske verksemda i barnehage og skule. Dette gjeld også språkleg samanheng. På skulane speler skulebibliotek, bibliotekarar og lærarar viktige roller for å fremja leselyst og leseglede.

Innkjøpsordningane bør endrast

Nær 70 000 grunnskuleelevar har nynorsk som opplæringsmål. Dersom dei skal verta trygge nynorskbrukarar, krev det at dei får lesa rikeleg med tekstar på nynorsk i ulike sjangrar. Dei treng nynorsk mengdetrening – og difor nynorsk lystlesing. Barn sluker bokseriar og teikneseriar, viser tal frå Sommarles. Men den gjeldande kulturpolitikken gjer at norske forlag i hovudsak gjev ut slike bøker på bokmål. Slik endar staten opp med å bada nynorskelevane i bokmålsbøker.

Serielitteratur og lettlesne bøker som til dømes Leseland-serien til Samlaget hamnar i stor grad utanfor innkjøpsordningane til Kulturrådet. Når stønaden til bøker i skulebibliotek i all hovudsak er knytt til distribusjon av bøkene frå innkjøpsordninga, får nynorskelevane i liten grad tilgang på slike bøker på hovudmålet sitt. I tillegg vågar ikkje forlaga gje ut slike bøker på nynorsk i særleg omfang, av di skulebiblioteka ikkje har midlar til å kjøpa dei inn. Dersom skulebibliotek ved nynorskskular kunne fått øyremerkte midlar til innkjøp av nynorske bøker, kunne det sikra nynorskelevane tilgang til fleire lettlesne bøker og serielitteratur på hovudmålet sitt. Då ville det òg vore tryggare for forlaga å gje ut fleire nynorske seriar og lettlesne bøker, av di dei ville visst at det fanst pengar til å kjøpa inn bøkene rundt på skulane.

Innkjøpsordningane har ei avgrensing på maks éi barne- og ungdomsbok per forfattar per år. Det gjer det særst vanskeleg å skriva serielitteratur innanfor ordninga. Staten har

ein aktiv kulturpolitikk for å sikra norsk språk, men norske forlag gjev ut under 2 % av den omsette barne- og ungdomslitteraturen sin på nynorsk.

Skal vi sikra at nynorskelevane får tilgang til eit breitt utval av litteratur, må noko gjerast med innkjøpsordningane og stønadsordningane. Slik kan staten bidra til å bada nynorskelevane litt meir i nynorsk. Dersom det ikkje vert teke slike tydelege språkpolitiske grep, risikerer ein derimot at dei statlege lesesatsingane berre fører til auka bokmålseksponering for nynorskelevane. Nynorskperspektivet må difor vera til stades frå byrjinga i alle statlege lesesatsingar.

Kjelde: <https://periskop.no/grunnlag-for-nynorsk-lystlesing/>
Av Arild Torvund Olsen, høgskulelektor ved Nynorsksenteret